



Stein Ove Vatnøy
Lurevegen 208 A
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1828 - 16/24126

Saksbehandlar:
Astrid Aarhus Byrknes
ordforar@lindas.kommune.no

Dato:
08.09.2016

Referat frå møte mellom Hopland felles og Lindås kommune

Dato: 23. august 2016

Til stades:

Ordfører, leiar for plan og miljø, ass. rådmann og 4 representantar frå Hopland felles på Seim.

Møte mellom Lindås kommune og Hopland felles vedr. makebyte på Fisketangen/Seim

Bakgrunn for møtet:

I 1989/1990 var det drøftingar mellom Lindås kommune og grunneigarane til Storskjæret ved Fisketangen på Seim. Drøftingane omhandla eit mulig makebyte kor Storskjæret skulle overdragast til kommunen mot at kommunen skulle overdra til grunneigarane eit tilsvarande naustområde aust på Fisketangen. Saka blei av ulike årsaker lagt bort og den kom på ny fram til kommunen i 2013. Etter fleire møter med representantar for Hopland felles og interne gjennomgangar av saka, konkluderte administrasjonen at det ikkje var dokumentasjon som gav grunnlag for eit makebyte. I tillegg vurderte administrasjonen at det ikkje føreligg eit behov for å overta Storskjæret til å bli innlemma i friluftsområdet Fisketangen, slik det blei lagt til grunn i 1989. I brev til Hopland felles, datert 02.11.15, konkluderte kommunen at det ikkje var ønskjeleg å gå vidare med drøftingar rundt eit makebyte eller et erverv av Storskjæret.

Hopland felles har ikkje vore samd i kommunen sin konklusjon og har derfor bedt om eit møte med ordfører for klargjere sitt syn på saka. Dei meiner at prosessane frå 1989/1990 og det at naustområdet på Fisketangen blei lagt inn i kommuneplanen i 1999, var ein førebuande prosess til eit makebyte. Det finns ikkje ein skriftlig avtale mellom kommunen og Hopland felles, men Hopland felles meiner likevel at det vart gjort drøftingar, munnlege avtalar og førebuande prosessar som til slutt skulle ende opp i eit makebyte. Mellom anna har det vore ei sak i Kulturutvalet 20.09.89 kor kulturutvalet støttar planane om å innlemme Storskjæret i Fisketangen friluftsområde.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



Oppsummering:

Det er uklart kva skriftlig dokumentasjon som finns i denne saka, og dei som jobba med saka i 1989/1990 har slutta i kommunen. Men ordførar vil prøve å finne ei politisk løysing og vil be administrasjonen førebu ei politisk sak i løpet av hausten 2016

Med helsing

Astrid Aarhus Byrknes
ordførar

Mottakarar:
Stein Ove Vatnøy

Lurevegen 208 A 5912

SEIM